

MØTEBOK FOR SKJÅK ALMENNINGSSTYRE

Saksnummer	Møtedato	Arkiv	Saksbehandler
2019/27	27.06.2019		BB

HØYRING AV BESØKSTRATEGI FOR VERNEOMRÅDA I REINHEIMEN

Saksdokument

1. E-post frå styret Reinheimen Nasjonalpark 2. mai 2019, med høyringsbrev, utkast til besøksstrategi for verneområda i Reinheimen med vedlegg – ettersendt pga. storleik.

Saksutgreiing

Styret i Reinheimen har no kome så langt i prosessen med besøksstrategi at dei sender denne ut på høyring, med høyringsfrist 28. juni 2019. Besøksstrategien er også fagleg godkjent i Miljødirektoratet.

Stortingsmelding 18 (2015-2016) om Friluftsliv fastsette at alle nasjonalparkar i Noreg skal ha eigne besøksstrategiar innan 2020. Målsetjing med arbeidet er skissert i prosjektplanen:

Føremålet med å utarbeide ein besøksstrategi er få til ei samla besøksforvaltning for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde. Gjennom arbeidet skal ein ivareta og sikre naturverdiane og kulturverdiane i verneområda, samstundes som ein skal bidra til å oppretthalde grunnlaget for landbruksnæring og busetjing i nær tilknytning til verneområda. Meir fokus på besøksforvaltning skal ha som mål å gje ei betre oppleving for dei besøkande. Dette kan bidra til ei auka mogelegheit for lokal og brei verdiskaping i området.

Besøksstrategien skal etter planen, vedtakast av styret i Reinheimen Nasjonalpark hausten 2019. Nasjonalparkstyret ynskjer spesielt innspel på strategiar, innfallsportar og tiltak i besøksstrategien.

Vurdering og innspel

Ein tykkjer det er bra at strategien set fokus på, og legg til rette for verdiskaping utanfor verneområde – og at infopunkt og dei viktigaste innfallsportane er spreidd godt rundt heile Reinheimen. I Skjåk er ein samd i plassering av hovudinnfallsportane/infopunkta – som også bør samlokaliseras med Breheimen nasjonalpark når dei får sin besøksstrategi på plass. Dette for å styrke infopunkta mest mogleg. Det er også viktig for verdiskapinga at det er «kassaapparat» i tilknytning til desse punkta.

Sidan det å ta vare på leveområda for villreinen i Reinheimen var eit av hovudformåla med vernet, er det viktig at ferdselen i området blir nøye overvaka. Strategien legg heller ikkje opp til å auke ferdselen inne i verneområda, men legg opp til ei større auke til randsonene rundt, noko vi er einige i at det er viktig å ha fokus på, og som strategien legg stor vekt på.

Når det gjeld ferdsel inn i verneområdet, er det viktig å ha så god oversikt som mogleg over utviklinga over tid. Ein ser presset i andre villreinområde, og ynskjer på ingen måte same konfliktnivå i Reinheimen.

Sidan det spesielt er nemnt at villreinen ikkje lenger brukar områda lengst vest, der rutenettet til DNT er mest utbreidd, ynskjer ein årleg statistikk på overnattingsdøgn på alle hyttene. Sjølv om ein ikkje legg til rette for auka overnattingskapasitet i forvaltningsplanen eller denne strategien – er det for mange av hyttene eit langt sprang frå bruken i dag, til at kapasiteten er

MØTEBOK FOR SKJÅK ALMENNINGSSTYRE

Saksnummer	Møtedato	Arkiv	Saksbehandler
2019/27	27.06.2019		BB

full. I oversikten i vedlegg 1 side 27, ynskjer ein at DNT hytta Torsbu også blir med i tabellane, sidan auka ferdsel til denne hytta kanskje er mest ugunstig med tanke på at villreinen igjen skal ta i bruk områda lenger vest.

Under avsnittet om fokusområda for villreinen i Reinheimen er det nemnt Bispberget som eit slikt område. Bispberget er eit svært lite avgrensa område på sørsida av Aursjoen mot Bismo. Eit mykje meir dekkande områdenamn som dekker heile fokusområde, er Aursjoen (som også er nemnt i tabellen side 11, og brukt i tabell 5 side 31).

I høve villrein og forstyrning i form av ferdsel, både av lokale og tilreisande, særleg i den mest sårbare tida om vinteren, og før/like etter kalving kan det vere eit grep å gje ut meir informasjon. Både kor reinen er, og korleis ein skal te seg for å forstyrre dei minst mogleg. Dei fleste oppsøker ikkje villreinen aktivt, og respekterer nok at villreinen er sårbar, men utan kunnskap og informasjon kan ein heller ikkje forvente at folk tek omsyn. Infomateriell for dei som skal inn i fjellet sommarstid bør også omfatte ein «guide» til korleis ein bør oppføre seg i møte med villrein for å forstyrre dei minst mogleg. For alle større aktørar som har utleiehytter i fjellet er det ganske enkelt å innarbeide rutinar for å distribuere slik materiell digitalt.

I det vidare arbeidet med innfallsportar, infopunkt og besøksstrategien generelt, er det viktig at det blir lokalt forankra. Dei ulike delane av parken har heilt ulike utfordringar og moglegheiter til utvikling. Sjølv om det blir arbeidskrevjande er det viktig at ein aktivt brukar lokale mindre arbeidsgrupper med reiselivsaktørar, grunneigarar, kommunale natur/miljø forvaltarar/næringsutvikling, villreinforvaltning, beitebrukarar og destinasjonsselskap i det vidare arbeidet rundt kvar innfallspørt.

Politikarane i kommunane er allereie representert gjennom styret i nasjonalparken, men som det blir peika på i strategien også, særleg når det gjeld utvikling av infopunkt og hovudinnfallsportar i strategien, er det svært viktig at kommunane kjem på banen og kan vere med å legge til rette for verdiskaping og utvikling. Ikkje berre innad i eigen kommune, men for å samarbeide på tvers av fleire kommunar.

Elles har planen gode tiltak for å utarbeide felles heilskapleg informasjon som vi støttar fullt ut – og håpar at blir prioritert framover. Til slutt håpar ein at besøksstrategien blir rullert ved jamne mellomrom, slik det er tenkt med forvaltningsplanen – og at ein sjølvsagt må sjå desse i samanheng.

Forslag til vedtak

Allmenningsstyret godkjenner innspela i saksutgreiinga og oversender uttalen til styret i Reinheimen Nasjonalpark.

Almenningsstyret sitt vedtak

Som framlegget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

Nasjonalparkforvaltar Kristine Sørлие

fmopkso@fylkesmannen.no